



Uskedal kyrkje er ei av 20 kyrkjer i Hordaland som ligg i NVE si risikosone for flaum og skred.

**Uskedal kyrkje er ei av 20 kyrkjer i Hordaland som ligg i NVE si risikosone for flaum og skred. Til mange av desse kyrkjene er det gravplass som også høyrer med til faresona. Klimaendring med store nedbørsmengder og snø i fjellet gjer at saka er meir aktuell enn før. Dette kjem fram i ein rapport frå Arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjelege verksemder ( KA ).**

Myke nedbør og fukt i grunnen fører til rote og store vedlikehaldskostnader. Kyrkja i Uskedalen er den einaste kyrkja i Kvinnherad som er omtala i rapporten. Av andre kyrkjer i Hordaland nemner vi: Kinsarvik kyrkje, Vangskyrkja, Røldal stavkyrkje, Odda kyrkje og Strandebarm kyrkje. Dette er alle kyrkjer som ligg lågt i lende i høve til sjø/vatn og elv.

Uskedal kyrkje frå 1914 er ikkje freda, men listeført som eit verna bygg. I tillegg til flaum- og skredfaren, er det ofte problem med overflatevatn, noko som er uhelding på ein gravplass. Eit av tiltaka er god drenering.

Kyrkjeverje Erlingur Nielsson var ikkje kjend med rapporten då Uskedalen.no spurde om ein kommentar. Han fann rapporten og skrivet frå Bispedømekontoret om kva tiltak og ansvar kommuane har i høve til risiko for storflaum og skred.

Risiko for flaum, ras og store nedbørsmengder er ikkje nytt i historisk samanheng. Storflaumen i 1743 i Kinsarvik førte til store skader på steinkyrkja og gravplassen. Etter det er det bygd rasvollar, elva er regulert og kyrkja er renovert. Likevel er den snart 900 år gamle Kinsarvik kyrkje i faresona for flaum.

Uskedal.no føl opp denne saka når vi veit meir kva vurdering og tiltak kommunen gjer i høve til at Uskedal kyrkje, som den einaste i Kvinnherad, ligg i risikosona for flaum.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Einar Gjertsen